

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Vest
<b>Møtested:</b>	Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen
<b>Dato/tid:</b>	6.november 2018 kl. 10.00
	<b>Protokoll: 02/18</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Lidvin Hage, Helene S. Bødtker, Ragnhild Døving, Reidar Kallestad, Jan Roy Eide, Bjarte Myren, Svein Helge Lærdal
<b>Regionutvalget:</b>	Eldrid K Grønsberg, Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Erlend Fossen (vara for Eli Berge Ness), Jens N Sagevik, Nils Christian Bjørge (vara for Per Magnar Sognnes), Anita Sæther, Magnus Andre Sundal, Olav Myrhol, Rune Nordbotten, Tormod Selvik (vara for Ørjan Russenes), Jørgen Wik, Steinar Evebø, Janne Marie Solheim, Ove Bruheim, Jakob Hammer, Sonja Skaare Esperø (vara for Thor Anfinn Lillestøl), Audun Kvalsvik (vara for Kåre Honningsvåg), Øystein Bakke Kongsvik, Oddmund Kvalsvik, Håvard Grimstad (vara for Lillian Flø), Liv Signe Kvamme, Magne Riise, Ove Jonny Hånes, Rolf Otto Blindheim, Synnøve Kjellstad (vara for Bastian Weiberg-Aurdal), Per Ivar Skodjereite, Øyvind Heinåli-Karlsen, Lasse Øvstedal, Magne Haug, Rune Nerheim, Erling Lønning, Solveig Øie, Louis Medhaug, Norleif Fjeldheim, Egil Otto Haakull, Sjur Åkra, Ragnvald Stople, Oddbjørn Øverland, Lars Johan Næs (vara for Kjetil Mehl), Audun B. Næss, Arnt Haugsgjerd, Lars Ove Rimmereid, Karen Elisabeth Rydland Sæbø, Frank Kvammen, Olve Neteland, Stein Olav Hauge, Arnt Bakke, Guro Sofie Gjelland, Leif Lirhus (vara for Åsne T. Rødland), Kåre Olai Solheim, Lars Even Brekke, Helge Reisæter, Bjarne Aga, Jostein Gaassand, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Ola Kongsvik, Vidar Heggheim, Sindre Aasen, Lise Elvagjeng, Steinar Schanke, Aud H. Molvig, Asgeir Nøttveit
<b>Valgkomité:</b>	Leif Arne Lirhus, Marit Mathiassen
<b>Andre:</b>	Paul Sindre Vedeld
<b>Forfall:</b>	Lillian Flø, Per Magnar Sognnes, Eli Berge Ness, Åsne Tesdal Rødland, Thor Anfinn Lillestøl, Martin Strømøy, Tor Inge Eidesen, Kristoffer B. Handeland, Kristoffer Dalland, Bastian Weiberg-Aurdal, Kåre Honningsvåg, Kari Marie Njåstad, Jan Helge Hjelmeland, Ørjan Russenes, Bjarte Nordanger, Kjetil Mehl
<b>Konsernstyret:</b>	Trine Hasvang Vaag, Jan Erik Fløtre
<b>Administrasjonen:</b>	Ingvill Jørgensen, Einar Risnes,
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen

<b>Sak nr</b>	
<b>1</b>	<p><b>Konstituering</b>  <b>Lidvin Hage ønska velkomen.</b>  <b>Opprop v/Ingvill Jørgensen</b></p> <p><b>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</b></p> <p><b>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar:</b>  <b>Eldrid Grønsberg      Sjur Åkra</b></p> <p><b>Lidvin Hage introduserte seg sjølv, om kor viktig samvirke er, viktigheita av kraftforkrevjande produksjon i bygde Norge, dei politiske kreftene og det å stå samla mot press.</b></p>

	<p><b>Snakka litt om overproduksjonen i marknaden, og dårleg resultat i fjor og at ein ikkje bør misse trua og tolmodet.</b></p> <p><b>Viktig også å ta med oss dei tinga som er positive i selskapet.</b></p> <p><b>Vidare om å verte sett som tillitsvald, har kort veg til topps, men korleis klare å få infoen ned i organisasjonen? Treng å bruke dei tillitsvalde for at det skal verte kjekkare og meir framtidsretta å vere tillitsvald.</b></p> <p><b>Konsernrådsmøte og felles AU-møte – signal frå Norgesgruppen er et vår vareveg går igjennom dei 2000 butikkane til kjeda, må få til dei beste distribusjonsløyningane. I tillegg dette med å få rett mengd slakt til rett tid og rett kvalitet, utnytte kapasiteten i anlegga på beste måte, og så finne dei beste løysingane både på EMV og marknaden generelt.</b></p> <p><b>Gilde – merkevarene må kunne forsvarast når det gjeld meirpris, og tene meir i alle ledd, også hos bonden. Må også spisse litt det som skjer i selskapet, og så starte ein diskusjon for framtida for korleis rigge verdikjeda.</b></p> <p><b>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.</b></p>
2	<p><b>Open post</b></p> <p><b>Innspill på saker:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kostnadskontroll treng vi, irritert vedr. Konkursen hos Primaproducent – ref. Nationen, kva denne avisa skreiv. Ber om avklaring også på korleis dette kunne skje.</b></li> <li>• <b>Kretsleiarar – kva skal vi gjere framover? Treng konkretisering på dette. Og er det mange frå dei ansette som er redde for jobbane sine?</b></li> <li>• <b>Treng ikkje å dele ut spekebrett – det vert for dyrt å lage slike spesielle varer. Eg vil ha direkte kontakt med mitt Medlemsenter – treng reversering av felles medlemsenter</b></li> <li>• <b>Vanskeleg å vere tillitsvald no, kva gjer ein no for sauene og prisen på denne? Treng info om det vert gjort noko til alle eigarane. Info om sauene burde også vorte teken i turkemøta. Treng å få tilgang til småfeskjøt i medlemsbutikkane.</b></li> <li>• <b>Ved avslutting av drift – treng å kunne få ut medlemskapitalen i slike høve</b></li> <li>• <b>Livdyr – sal av dette – kort tid for å levere, vanskeleg å skaffe veterinærattest på så kort varsel, her må vi verte betre</b></li> <li>• <b>Retur på småfe – oppfordra å ta opp kostnadane på slakting av sau – får høge rekningar på dette, mange ser til kva konkurrentane gir.</b></li> <li>• <b>Prisen på lam – var sagt at lam er i balanse i haust – forventar høgare pris, då også på sau. Meir info på turkemøta om lavare antal påsett, heller enn auke kraftfôrmengda.</b></li> </ul> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering og svara ut under komande saker.</b></p>
3	<p><b>Gjennomgang av resultat 2. tertial, status forbetnings-program, orientering frå drift og medie-biletet sumar og haust 2018</b></p> <p><b>Trine Hasvang Vaag innleia på saka.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kva er taket på kreditt i Nortura ved kjøp av dyr?</b></li> <li>• <b>Distribusjon, mange av bilane som køyrer varer våre varer er ikkje uniformerte, dette bør vi endre. Asko som køyrer ut til butikkane, er det kjedene som styrer her eller butikkane, eller kan vi tilby noko saman med Tine?</b></li> <li>• <b>Gjeld – 2,9 milliard opp eller ned? Går det ikkje an å berekne omleggingskostnader, billigare ved mykje volum – kan dette trigge meir leveranse frå oss?</b></li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tre kjeder – har også Proff (storhushaldning), korleis går dette i dag? Kan vere stolte av korleis vi har handtert turkekrisa - dette har nok også hatt ein kostnad. Dette bør vi kunne kommunisere ut til våre eigarar.</li> <li>• Coop – er Nortura mogleg konkurrent til Fatland på EMV-varer her?</li> </ul> <p>Trine svarte ut spørsmåla så langt. Informerte om turke-sumaren og den jobben som vart gjort frå både ansette og tillitsvalde. Gjekk så vidare med info om utfordringane vedrørande det som har kome i media , og info om Noridane og import-kvoter. Orienterte så om dei enkelte dyreslaga og egg. Også at fjørfekjøtt vert fasa ut som eige forretningsområde frå årsskiftet.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
4	<p><b>Info frå sentral og regional valkomite</b></p> <p>Reidar Kallestad la fram info om arbeidet og om dei som er på val i styret og elles sentralt, og Marit Mathiassen informerte om arbeidet i regional valkomite. Alle vart oppfordra til å kome med innspel på kandidatar på alle nivå.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
5	<p><b>Den datadrevne bonden – Oddbjørn Øverland</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Framtida er her hos bonden, men vi manglar at Nortura kan ta imot informasjonen direkte. Dette bør gjerast noko med, for å utnytte dataflyten og bruke mindre tid. Treng å få dette på plass for egg-produsentane .</li> </ul> <p>Trine kommenterte innlegget, og svarte på resten av spørsmåla frå open post.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
6	<p><b>Medlem – inntransport – innleiing til Gruppearbeid</b> Einar innleia – med budskapet «Korleis tene meir pengar?»</p> <p><b>Spørsmål til gruppene:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kva skal Nortura Medlem, Egg og Ruging slutte å gjere?</li> <li>2. Kva er viktig å forsette å gjere?</li> <li>3. Kva kan du som tillitsvald hjelpe til med?</li> <li>4. Og kva treng du då fo rå gjere ein betre jobb for å kunne bidra til auka tilførsel og å opptre som stolt og aktiv eigar og tillitsvald.</li> </ol> <p><b>Svar:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Er på for mange arenaer, der vi er med og sponsar og brukar tid. Meir bruk av Min Side for å hente ut informasjon. Samle avrekningar livdyr, spesialavtaler kun med sal, sekretærjobb i faglag, begrense utviklingsprosjekt, reising, byggrådgiving, bestilling av øyremarker, mindre fagmøter, mindre messer, ha møteaktivitet saman med andre lag og organisasjonar, sesongmøter bort, sjølvbetening kjøtkontrollar, bonden må betale for kostnader på ført fellesskapen (manglande merking av dyr, innmelding med rett antal, etc.) Meir effektiv inntransport, samordna inntransport i same område og i puljer/veker, meir langtidsinnmelding av slakt. Få alle medlemmar inn i husdyrkontrollar, ta bort manuelle køyresetlar, sjåføren skal ikkje inn i fjøset, må ikkje ha dobbeltarbeid i forhold til andre organisasjonar, med betre samordning her, ikkje eigne dyr i retur, slutte å gjere dårlege avtaler med kundar.</li> <li>2. Kretsmøter, sponsing av lag og organisasjonar som 4H og BU, bruk av Skypemøter og CRM, medlemsbutikken berekraftig økonomisk, opplæring, mindre telefoninnmelding – meir nett, lammeringsmøter, betalbar spissa rådgiving, fjøsmøter. Premiering/trekk</li> </ol>

	<p>for merking og innmelding, bruk av sosiale medier for info. Begrense telefonbruk, må få livdyr over på nettbasert utgåve, god pris, sjåfør som viktig kontaktpunkt må oppdaterast, julemøter, medlemsmøter/kontakt ut, og engasjerte medarbeidere i lokalt område, bruk av Min Side for info frå bonden om utfordringar som mista øymerke på slakt, endring av antal, etc. Spørjeundersøking før pålegg om meir bruk av nettet? Arbeide vidare for å få bort teljedatoar, påverke til at handtering ved henting av dyr vert meir effektiv (utlasting), taksameter for differensiert stoppavgift, naudslakt. Viktig med deltaking der det er mykje tilførselar på rådgiving og møter, utprøving av nye produkt, ROS-analyse, eigarbrev, treng melding med kvittering ved SMS henting av dyr for å sende varsel berre ein gong, vere med ute på produsentmøter, samle rådgiving i eit selskap som bonden kan bruke.</p> <p>3. Samle bønder i nærområdet for betre miljø, bruke Skype for møter med andre tillitsvalde, treng tydelege retningslinjer på ansvar på alle områder, også oppfølging av nye brukarar, vidareformidle relevant info frå Nortura, bidra ved arrangement, gjere produsentane meir bevisste på kor viktig det er med rutiner ved merking, innmelding etc. Bistå ansette i medlem ved lokale/regionale møter.</p> <p>4. Treng prosedyrer på kva vi skal gjere, meir info om inntransporten for påverknad ute, betre kommunikasjon, eigen innlogging for tillitsvalde, ansette bør besøke tillitsvalde når dei kan, og opplæring.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
7	<p><b>Kort info frå fagutval</b></p> <p><b>Reidar Kallestad om småfe –</b> Trur at vi vil fokusere på vegen vidare i staden for det som har vore. Småfe produsentane har vore svært flinke i år med mykje utfordringar, og reknar med at vi er i balanse neste år. Først må vi lyfte lamme-prisen, så får sauen kome etterpå. Informerte om sakene som skal diskuterast på neste fagutvalsmøte, sumarlam, prisløypa og også slaktetidspunkt for sau om vi skal kunne eksportere denne. Fekk svar og innspel frå salen på: Prisløype og prisnivå, opp mot miljøet. Bør kunne kutte ut sumarlam, kanskje ha eit tilbod som går på avtaler for behovet i marknaden? Også ung sau bør fokusrast på. Må prisløypa vere lik i heile landet? Må vite om det vert sumar-lam no snart. Nortura bør verte strengare på feitttrekk på lam! Kanskje då også auke salet? Treng å regulere produksjonen slik som Tine gjer med sumar-mjølkk!</p> <p><b>Ragnhild Døving om grisen –</b> informerte om statusen på grisen, overproduksjonen er på over 6000 tonn no. Fokus på helsa til grisen, også ueinige om kva som er kort hale vedrørande halebiting. Prøver å redusere spot-marknad, meir direktelevering. Rutine for oppfølging av helse, kan det vere mogleg med innstramming av konsesjonsregelverket utan eingongspurkene er borte? Saka ligg no i departementet om klare retningslinjer.</p> <p><b>Bjarte Myren om storfe –</b> har vore med på to telefon-møter i fagutvalet? Orienterte om kva fagutvalet er, og at det har vore mykje fokus på turke-situasjonen. Har enno storfe på lager i Noreg. Også klima er på agendaen i komande fysisk møte i utvalet. Treng å sitje stille i båten når det gjeld meir utbygging til ammeku, og ein ser no også på om tillegg på storfe er rette. Storfe 2019 er ein også involvert i. Treng også kandidatar til ressursgruppe. Overproduksjon på storfe – innspel på at vi også i år snakkar om dette, treng å ta grep. Dette må takast med inn. Skal vi verkeleg forsette å bygge ammekufjøs eller seie i frå? Marknadsregulering er Nortura sitt ansvar.</p>

	<p><b>Jan Roy Eide om egg – informerte om at ein har hatt det godt på egg, snakka også om krav frå kjeder og frittgåande, og tappt marknad for at ein har diskutert i staden for å handle. Er også med i ei gruppe som diskuterer dyrevelferd. Spørsmål om egghinne-plaster. Egg – Ikkje bur men miljø-innreiing, treng å kommunisere rett også til forbrukar om dyrevelferd. Bør fakta vike for kva folk føler?</b></p> <p><b>Svein Helge Lærdal om kylling – siste kyllingprodusent i dette området. Dei to siste produsentane går no over til egg. Vanskeleg marknadssituasjon på kylling, ynskjer at Nortura no må styre meir alle produksjonar. Verktøy treng vi for å få dette til.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
<b>8</b>	<p><b>Kort oppsummering frå høyring i kretsutval Ingvill gjekk igjennom resultatata i høyringa. Høyringa vil ligge under Eierorganisering – Nytt frå Regionsutvalg på nettet.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
<b>9</b>	<p><b>Godkjenning av aktivitetsplan Aktivitetsplan vil ligge under Eierorganisering – Nytt frå Regionsutvalg på nettet.</b></p> <p><b>Vedtak: Plan vedteken</b></p>
<b>10</b>	<p><b>Open post Lise om tida det tek frå slakt vert sendt og til resultatet kjem på nettet. Betaling for sjåfør i kantine i Førde og spørsmål om medlemsbutikk. Oste-bonde – verdsmeister treng applaus.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
<b>11</b>	<p><b>Evaluering – avtakking. Lidvin Hage takka av Magne Riise for arbeidet i AU. Magne har trekt seg frå AU på grunn av praktiske årsaker. Treng gruppe-arbeid, ros til styreleiar. Kanskje kortare innlegg frå styreleiar? Intenst – men greitt møte. Best med 2-dagars-møte</b></p>
	<b>Møtet slutt</b>

**Eldrid Grønsberg (s)   Sjur Åkra (s)   Lidvin Hage (s)**